DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjelydane i Sveio

# MØTEBOK/REFERAT SVEIO SOKNERÅD

| | |
|---|---|
| Dato: | 22.8.2024 kl.18.00-20.20 |
| Desse møtte: | Anne Vierdal, Solfrid Lier Habbestad (gjekk kl.19.45), Bente Hovland Johannesen, Rune Hjelmeseter (gjekk kl.20.00), Hildur Larsen, Astrid Yasmin Furdal (kom kl.18.50), Leiv Rossehaug<br>Sigrund Breistig, Kjell Gunnar Nymark, Lars Severin Reiersen, Arild Steinsland |
| Fråvær: | Lars Edvart Larsen, Rikard Stokkenes |
| Referent: | Solfrid Lier Habbestad |

Arild Steinsland hadde ord for dagen som start på møtet.

SR 74/24

## Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden

Opprop blei gjennomført.
Merknader til innkalling: Ingen

Følgjande saker blei meldt til eventuelt:
Prostistilling
Invitasjon til prostidag
Melding frå Eirik Tappel

**Vedtak:**
Innkalling og sakliste blei godkjent. Saker som blei meldt over, blir handsama under eventuelt i sak 81/24.

SR 75/24

## Godkjenning av referat frå møtet 20.06.24

**Vedtak:**
Referat frå møtet blei godkjent.

SR 76/24

## Gudstenester sidan sist (orientering)

| | Prest | Kyrkjevertgr | Kommentar |
|---|---|---|---|
| 7.7. | | 4 | Ikkje så mange frammøtte. |
| 11.aug | AS | 5 | Fin gudsteneste. Kyrkjekaffe i kyrkja. |

Soknerådsmedlemmene vart i møtet sterkt oppmoda om å delta i gudstenestene.

Elles var det spørsmål og enkle drøftingar om det praktiske i tilknyting til konfirmasjonsgudstenestene.

SR 7724

## Møte i utvala sidan førre møte (orientering)

**Fellesrådet:** Har ikkje hatt møte i sommar
**Kyrkjevertgr**: Har ikkje hatt møte.
**Trusopplæring**: Skal ha møte 4.sept.

| | |
|---|---|
| | **Diakoniutvalet:**<br>Utvalet har hatt møte med ordførar og dei fleste i formannskapet. Politikarane var svært positive til diakonprosjektet. Utvalet er alt invitert til møte med kommunalsjef for helse. Gjenbruksløa har sagt ja til å vera med og delfinansiera stillinga i ein tidsperiode. Det er elles venta at saka blir drøfta i møtet som kommunen skal ha med biskopen.<br>. |
| SR 78/24 | **Konfirmantfest 2024 Sjå vedlegg**<br><br>Servering av kaker, kaffe og brus. Sokneråda skal delta i serveringa. Sveio sokneråd har ansvar for å rydda etter festen. Frammøte for oss kl 18.00 |
| SR 79/24 | **Kyrkjelydsbasar 27.oktober 2024**<br><br>Tildelte oppgåver i møtet:<br><br>Anne: Spørja etter gåver og høyra med Haldis om ho vil vera med i komite.<br>Hildur: Kan laga kake og selja lodd<br>Anne, Astrid, Lars og Rune er med i komite.<br><br>Alle i soknerådet må rekna med å ha oppgåver i tilknyting til basaren. |
| SR 80/24 | **Visitas Sjå program vedlagt**<br><br>**Visitasrapport.**<br><br>Soknepresten orienterte om innhaldet i rapporten og gjekk elles gjennom programmet for visitasdagane.<br><br>**Vedtak:** Visitasrapport blei godkjent etter drøftingar. |
| SR 81/24 | **Eventuelt (**Saker som blei meldt i sak SR 74/24):<br><br>Sekretær var ikkje med under denne saka, men har fått oppsummering tilsendt frå leiar:<br><br>• *Leiar vidareformidla telefonsamtale frå kommande prest i soknet Eirik Tappel ang. prosipreststilling*<br>• *Vi må skrive ei liste og rangere 3 namn til prostestillinga og sende bispedømmet før 10. september (neste møte i soknerådet er 17. september). Det vil altså bli kalla inn til ekstraordinært møte 5. september kl. 17 hos Anne Vierdal, adr. Vassbakken 19, ein time før konfirmantfesten. Arild Steinsland blei vist ut under denne saka.*<br>• *Leiar skreiv påmeldingar til prostidagen 12.09.24 på eit felles ark og sender til prostirådet»* |
| | **Møtekritikk:** Ingen merknader |

Sveio, 13.9.2024

Solfrid Lier Habbestad
-sekretær-